



Voss herad

Rapportering av økonomisk status til heradsstyret

12.sept 2024

v/Stabssjef Strategi og styring, Liv Myklebust

Rapportering om økonomisk status, 2024

- Oppdatert risikobilete for meirforbruk – stort sannsyn for vesentleg meirforbruk i fleire tenesteområde
- Tertialrapport og prognose
 - 1.tertial: ligg an til meirforbruk på 31,6 mill.kr for året
 - 2.tertial: endå uvisst, men nokon ligg an til noko større meirforbruk enn varsla etter 1.tertial på fleire tenesteområde. Noko meir skatteinntekter. Positivt avvik på pensjon dersom endra amortisering
- Ny kunnskap
 - God skatteinngang i mai og juli (hhv 11 og 17 % høgre enn mnd året før) grunna godt lønsoppgjer nasjonalt. Kan truleg setja opp budsjett med ytterlegare 5 mill.kr i 2024
 - Stort premieavvik frå 2023 gjev behov for å auke amortiseringsperiode frå eitt til sju år. Fordeler kostnad over fleire år, men kostnaden er lik totalt sett. Legg fram revidert økonomireglement til handsaming.
 - Mindreforbruk og refundert beløp for feilfakturering for straum kan nyttast til ENØKtiltak kommunale bygg – kan unngå å bruka disposisjonsfond
- Innsparingar som er sett i gang
 - Reforhandling av avtalar
 - Samorganisering av korttidstilbod ved Voss sjukeheim
 - Har halde nokre vakante stillingar ledig
 - Vedtak i omsorgstenestene

Risiko for vesentleg meirforbruk (over 1 mill)

Sannsyn for meirforbruk	Svært sannsynleg					Helse og omsorg Oppvekst
	Sannsynleg					
	Mulig					
	Mindre sannsynleg	Kultur og fritid	Teknisk			
	Usannsynleg	Adm og politisk				
		Lågt (0,1 mill +)	Middels (0,5 mill+)	Vesentleg (1 mill +)	Stort (5 mill +)	Svært stort (10 mill +)
	Konsekvens (storleik på meirforbruk)					

Økonomisk analyse – avvik frå budsjett per aug 2024

- Faktorar som påverkar økonomien

- Manglar folk/ fråvær
- Prisvekst
- Auka tenestebehov
- Flyktinghandtering
- Vær og klima

- Mindreforbruk/ meir inntekter

- Fastløn (nær 15 mill)
- Refusjon sjukeløn (13 mill)
- Straum

- Meirforbruk

- Overtid (9 mill)
- Innleige (12,4 mill)
- Lisensar (1,5 mill)
- Forbruksmateriell
- Ekstrahjelp (6 mill)
- Kjøp av brukarstyrt personleg assistanse (BPA) (10 mill)
- Kjøp av barneverntenester (5 mill)
- Sosial stønad
- Vedlikehald (4 mill)
- Brøyting (3,4 mill)

Førebels anslag til endring i prognose 2024


	Varsla meirforbruk i 1.tertial 2024	Førebels endring i prognose
Tenesteområda grunnskule, helse, omsorg, barne- og familietenestene, sosial, barnehage og samferdsel	-31,6 mill	-ca 3 mill (barne- og fam.tenestene, grunnskule og barnehage)
Dersom endra amortisering til 7 år (dette bør setjast av til framtidige kostnader)		+ 38 mill
Skatteinntekter		+ 5 mill
+ fleire budsjettreguleringar og usikre faktorar		

Noko forverra prognose i nokre tenesteområde, og nokre forbetra.
Dersom amortisering vert endra til 7 år så vil det påverka netto driftsresultat positivt, men bør setja av midlar.

Notat om omstilling og innsparing

- 2024: Prognose om store meirforbruk
- 2025-2028: Behov for omstilling og innsparing
 - Noko auka økonomisk handlingsrom
 - Auke i sentrale inntekter grunna nytt inntektssystem og realvekst i skatteinntekter. Ny prognosemodell frå KS.
 - Politisk signal å setja ned krav til netto driftsresultat i 2025 og 2026
 - Innsparingsbehov: minimum 10 mill.kr i 2025 og 2026, 22 mill.kr i 2027 og 2028
- Vil setja i gang omstillingsprosjektet iPluss 2027 for å samla arbeid rundt omstilling og innsparing
 - Sikra god styring, forankring, gode prosessar og medverknad
 - Koordinert overordna – kommunikasjon, tidsplan, milepelar, verktøy m.m
 - Prosjekt per kommunalavdeling ut i frå omfang
 - Omfattande omstilling krev gode prosessar og involvering/medverknad
- Ber om at vedtak om å kartlegga innsparingar tilsvarande 60 mill.kr vert trekt
 - Omstilling og innsparingstiltak vert lagt fram som del av øk.plan eller eigne saker

Spørsmål og svar

- Kvar får ein oppdatert info om rammetilskot og skatt? Faktisk skatteinngang, analysar frå skatteetaten, info frå staten om nytt inntektssystem og KS sin prognosemodell
- Kva er netto utgiftsauke på 8 mill i tabellen? Er det mogleg at utgiftsauken vert større? Det er prognose på endringar i sentrale postar. Størst endring i finanspostar som renter, avdrag og utbyte. Prognosar er alltid usikre. Endringar vil bli lagt fram i budsjettendringar eller ny øk.plan. Generell prisvekst vert kompensert.
- Korleis jobba vidare med innsparing? Kvar komm.sjef får ansvar for å realisera omstilling innan eige område. Gjennomfører kartleggingar, utgreiingar og gjennomfører tiltak ut i frå omfang. Tillitsvalde, verneombod, aktuelle leiarar skal delta dersom omfattande omstilling. Vert lagt fram til handsaming som del av øk.plan eller enkeltsaker. Politisk handlingsrom skal synleggjerast i øk.plan og med alternative vedtak.
- Kva krev det av oss å nå måla iPluss 2027? og kortid kjem saker til handsaming? Vil omfatta små og store endringar. Vil krevja kulturendring, aktsemd, vilje til å gjera endringar som sikrar berekraftig ressursbruk og at alle forstår behov for endring. Vil rapportera til styringsgrupper jamnleg.
- Framdriftsplan iPluss 2027? Dette vil bli laga og lagt fram til politisk nivå, men er ikkje klart enno. Større  utgreiingar må jobbast med i 2025 og 2026.



Voss herad

iPlus2027



Voss herad set no i gang eit omstillingsprosjekt som heiter **iPlus2027**.

Dette gjeld alle avdelingar og handlar om omstilling av tenester slik at dei vert berekraftig. Det vil seie at me har både folk og pengar til å dekkja behov for tenester og utvikling.

Kvar vil me? (og kvar vil me ikkje..)



- **Korleis vert Voss herad opplevd når me har kome i mål?**

Når me har fått eit berekraftig nivå på utgiftene våre, så har me stabile budsjetttrammer som gjev rett nivå av tenester, samtidig som me har handlingsrom til å handtera nye behov og samfunnsutvikling. Gjennom å ha redusert nivå på nokre tenester, effektivisert og gjort strukturendringar, har me no fått eit utgiftsnivå som me kan halda over tid. Me har folk på plass til å utøva tenestene, og tilsette vert ekstra motivert og engasjert av å få tid til å bruka fagkompetansen sin. Det vil sei at tilsette ikkje må springa endå fortare når me får nye oppgåver eller brukarar. Me har handlingsrom til å dekkja nye behov både hjå brukarar, men også til tenesteutviklingsprosjekt, kompetanseutvikling og prosjekt som utviklar Voss til ein attraktiv stad. Det er ei større ro i organisasjonen der leiarar styrar drifta innafor sine rammer, og der ein slepp å kjempa for å få tak i meir ressursar. Me tenker på Voss herad sitt beste og har tillit til kvarandre at ressursar vert brukt på beste vis. Alle kjenner på eit ansvar for at me ikkje brukar meir enn me må, og eit eigarskap til vår felles økonomi.

- **Korleis kan det bli dersom me ikkje kjem i mål?**

Dersom me driv som i dag, med vesentleg høgare utgifter enn inntekter så vil det gå 2-3 år før sparekonto er brukt opp. Då må me gjera store inngripande tiltak i tenestene. Truleg må me leggja ned eller redusera mykje av tenestene våre. Tenestene må tas ned til minimumsnivå. Det er lite rom for kompetanseutvikling og nye prosjekt. Færre kan jobba i Voss herad. Vedlikehald av bygg må utsetjast. Nybygging kan me sjå langt etter. Me mistar også råderett over å forvalta midlane for kommunen vår. Statsforvaltar grip inn og bestemmer kva me kan bruka midlar på.

Oppsummering, iPluss2027

• Kvifor?


- Me manglar folk til å utøva tenestene – må bruka dei me har rett
- Me brukar meir pengar enn me har tilgjengeleg – ulovleg å planlegga for
- Dersom me fortset som i dag tek det 2-3 år før sparekonto er tom
- Me vil skapa handlingsrom for nye tenester til innbyggjarane
- Unngå at me må gjera meir inngripande kutt og unngå at me må «springa fortare»

• Korleis?

- Prosjekt i alle tenesteområde for å:
 - For å ha eit nivå på tenestene som er berekraftig, så må me kan bruka ressursane me har betre
 - Redusera utgifter og auka inntekter
 - Gjera endringar innan effektivisering, struktur og kvalitet

• Kva?

- Redusera årlege utgifter slik at me når 1,75 % i driftsresultat innan utgangen av 2027
- Setta av midlar til investering
- Tenestene våre skal vera på rett nivå, ut i frå tilgjengelege ressursar og kvalitet



Kvifor omstilla?



Brukar meir enn
me har



Manglar folk



Nye behov i
framtida

- 2023: Innt:1,918 mrd < Utg: 1,954 mrd
- Bud. netto driftsresultat 2024: 0 %

- Sjukepleiarar, legar, helsefag
- Lærarar
- Fråvær

- Demografikost
 - Fleire eldre
 - Auke i tal unge med store hjelpebehov

Mål

1. Redusera utgiftene årleg til me har 1,75 % netto driftsresultat i 2027 (32 mill.kr iPluss)
 - Redusera med 10 mill.kr i 2025 og 2026
 - Redusera med 22 mill.kr i 2027
2. Realisera planlagde endringar frå Økonomiplan 2025-2028
3. Legga om tenester til å bli meir framtidsretta/berekraftige
4. Setta av pengar til framtidige investeringar
5. Skapa handlingsrom for nye tenester og brukarar i framtida



Korleis - oppgåva

- Gjera endringar i effektivitet, struktur og kvalitet for å redusera utgifter og skapa meir berekraftige tenester
- Kommunalsjef/stabssjef avgjer sjølv korleis prosjektet skal organiserast i si avdeling
 - Prosjektet kan brytast opp i delprosjekt
 - Stabsressurar kan bistå med fasilitering – økonomirådgjevarar, prosjektkontor og andre aktuelle i stab
- Kommunalsjef/stabssjef har overordna ansvar for å kartlegga, planlegga, gjennomføra og realisera omstillinga. Aktuelle verktøy:
 - Prosjektstyringsmodellen [Prosjektveiviseren](#)
 - Lean verktøy
 - Ulike malar ([Verktøy til styring og leiing](#))
 - [Styring i Voss herad](#)
 - Omstillingsavtale

Korleis - framgangsmåte

- Kommunalsjef gjer seg kjend med oppgåva, og:
 1. Dersom det er kjend kva omstillinga/endringa er: Leiar planlegg korleis dette skal gjennomførast ut i frå prosjektet sin storleik (stor, middels eller liten)
 2. Dersom det er usikkert kva omstillinga er. Leiar tek initiativ til arbeidsmøte og idémyldring om kva aktuelle endringar kan vera. Aktuelle deltakarar på arbeidsmøte kan vera leiarar/ leiargruppe for eit område. Stabsressursar kan bidra med fasilitering. Repr.frå tilsette, tillitsvalde, verneombod og brukar ved behov.
 3. Kommunalsjef kan gi ansvar til leiarar under seg (område eller avdeling) om å gjennomføra eigne utgreiingar om omstilling eller konkrete omstillings- /endringsprosjekt
- Endring som fører til omorganisering, nedbemanning eller omplassering så vert det vist til: [Retningslinjer ved omorganisering, nedbemanning og omplassering i Voss herad - Compilo \(ksx.no\)](#) og omstillingsavtale ([Omstillingsavtale 2021-2024](#))

Ulike endringar og framgangsmåtar

	Stor omstilling	Middels omstilling	Liten omstilling
Endring	Vesentleg endring av tenestenivå, nedlegging av tilbod eller større strukturendringar. Får konsekvens for tilsette/ brukarar. Døme: legga ned institusjonsplassar eller endra skulestruktur	Endring i teneste eller struktur som gjev noko endring for tilsette sine arbeidsprosessar eller påverkar tenesta til brukar. Døme: Samlokalisering av tenester på éin stad, nytt digitalt verktøy og arbeidsprosessar	Endring som kan gjennomførast med liten konsekvens for tilsette eller brukarar. Døme: slutta å gjera oppgåver som gjev liten verdi, omfordela oppgåver, reforhandla avtalar
Kven må leia endringa?	Leiar for tenesta	Leiar eller den leiar gir ansvar til	Leiar eller den leiar gir ansvar til
Kven må delta?	Repr. frå: aktuelle tilsette, tillitsvalde, verneombod, brukarrepr., stabsstøtte. Kommunalsjef/leiargruppa er eigar. Det kan vurderast referansegruppe av interessentar. Rapportering til eigar og info til aktuelle.	Repr. frå: aktuelle tilsette, tillitsvald/-e og verneombod, eventuelt brukarrepr. dersom aktuelt. Færre deltakarar enn for stor omstilling, gjerne organisert i ei prosjektgruppe. Kommunalsjef/leiargruppa er eigar. Rapportering til eigar og info til aktuelle.	Eventuelt ei prosjektgruppe. Rapportering til leiar og informasjon til aktuelle tilsette, tillitsvalde og verneombod.
Korleis handsama?	Vesentlege endringar skal til politisk handsaming enten som eige sak eller i økonomiplan	Vesentlege endringar skal til politisk handsaming enten som eige sak eller i økonomiplan	Kan gjennomførast innafor eigne rammer til leiar utan politisk handsaming.
Aktuell arbeidsform	Strukturert prosjektleiing med mandat, prosjektplan, interessentanalyse, informasjons- og arbeidsmøter, idémyldring, spørjeundersøking, rapportering m.m	Strukturert prosjektleiing med mandat og prosjektplan. Kan vera aktuelt med interessentanalyse, informasjons- og arbeidsmøter, idémyldring, spørjeundersøking, rapportering m.m	Etter behov
Aktuell leiingsteori	Endringsleiing, innovasjonsleiing, prosjektleiing, gevinstrealisering	Endringsleiing, innovasjonsleiing, prosjektleiing, gevinstrealisering	Etter behov

Prosjektplan - overordna

Oppgåve	Periode	Ansvarleg
Konsept	Juli/aug 2024	Stabssjef strategi og styring
Planlegga	August 2024	Stabssjef strategi og styring + kvar prosjektleiar
Gjennomføra	Sept 2024- desember 2027	Stabssjef strategi og styring + kvar prosjektleiar
<ul style="list-style-type: none">Milepel 1 – 10 mill.kr i reduserte netto utgifter	Desember 2025	
<ul style="list-style-type: none">Milepel 2 – 20 mill.kr i reduserte netto utgifter	Desember 2026	
<ul style="list-style-type: none">Milepel 3 – 22 mill.kr i reduserte utgifter og 32mill.kr i netto driftsresultat (iPLUSS)	Desember 2027	
Evaluera og avslutta	Desember 2028	

Organisering

	Overordna, iPluss 2027		Stor omstilling	Middels omstilling	Liten omstilling
Styringsgruppe	Rådmannen si leiargruppe + HVO + repr. HTV		Leiargruppe i komm.avd + tillitsvalde + verneombod	Utvalde leiarar + tillitsvalde + verneombod	Utvald leiar(-ar)
Prosjektleder	Stabssjef Strategi og styring		Kommunalsjef eller den ho/han har utnemnd	Utnemnd ansvarleg av kommunalsjef eller leiar	Utnemnd ansvarleg av leiar
Rapportering	Prosjektleder rapporterer til styringsgruppa månadleg og til Formannskap i økonomisk statusrapportering		Prosjektleder rapporterer til styringsgruppa månadleg	Prosjektleder rapporterer til styringsgruppa månadleg	Prosjektleder rapporterer til styringsgruppa månadleg eller etter behov
Politisk styringsgruppe	Formannskapet				
Rådgevande organ	Dei kommunale råda		Aktuelle kommunale råd + handsaming av økonomiplan	Aktuelle kommunale råd + handsaming av økonomiplan	